

Stor reportasje om Uskedalsjente.

09.04.2016



Avfotografering av framsida på dagens Magasin.

**(Oppdatert):** Vi har tidlegare skrive litt om den utflytte Uskedalsjenta Alice Roseth Eik. Ho er sambuar med fiskaren Kurt Inge Helleberg, og etter å ha fiska med han, har ho no kjøpt eigen sjark. For tida er ho på Lofotfiske, og i samband med det er det i dag 8 sider pluss framsida om fiskarjenta i Magasin som Stavanger Aftenblad gjev ut kvar laurdag.



Avfotografering av ei av dobbelsidene inne i bladet.


Alice(27 år) hadde mesteparten av oppveksten sin i Uskedalen. Ho er dotter til Solfrid Eik, og barnebarnet til Roald og Eli Roseth Eik. Vi hugsar henne mellom anna som ivrig og smilande trombonist i Uskedal skulemusikk. No er jenta busett i Ølberg i Rogaland saman med sambuar Kurt Inge Helleberg frå ein familie som har vore fiskarar i fleire generasjonar. Det vart starten på eit fiskareventyr også for den tøffe Uskedalsjenta.

Alice har fagbrev som omsorgsarbeidar. Ho trivdest svært godt i denne jobben, og i rolegare fiskeperiodar trør ho framleis til som ringevikar for Pleie og omsorgstenesta i Sola kommune. Akkurat no er det langt mellom desse vaktene, for no er det Lofotfisket som gjeld. Det er andre året ho deltar i Lofotfisket, og som i fjar gjør ho det i eigen båt. Det er sjarken KURTI på 34 fot.

Om sommaren og hausten går det i krabbe-, krepse- og hummarfiske i meir heimlege trakter for fiskarparet frå Ølberg. Det er også i stor stil. Her er det profesjonelle fiskarar det er snakk om! Sist haust kunne vi lesa i Solabladet at dei vart fråstolne 200 levande hummarar som låg i ei kiste i sjøen i påvente av at dei skulle seljast. Hummarane representerte ein verdi på 54.000 kroner.

I dag prydar Alice Roseth Eik framsida i Magasin som Stavanger Aftenblad gjev ut kvar laurdag. Inne i bladet er det heile 8 sider om den utflytta Uskedalsjenta krydra med mange bilete. Gjennom den omfattande reportasjen følgjer Aftenbladet Alice på det noverande Lofotfisket utanfor Henningsvær. Svært interessant å lesa om den tøffe jenta med dei tøffe arbeidsdagane!

Stavanger Aftenblad har hatt fleire artiklar om den einaste kvinnelege yrkesfiskaren i Rogaland. [Her kan de lesa litt av det dei skreiv før ho reiste på Lofotfisket.](#)



Alice og Kurt Inge slapper av etter endt arbeidsdag. Tatoveringen på armen tok Alice i Henningsvær i fjor.

Endeleg litt avslapping etter ei hard økt

Vi har no fått inn melding fra Alice at dei no er ved Florø på veg heim. Ho klarte å fiska den garanterte kvoten på 24 tonn før Fiskeridirektoratet stoppa fisket. Sambuaren hennar, Kurt Inge Helleberg, klarte maksimalen som i år var 34 tonn.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Avfotografering frå Magasin: Leif A. Døssland